HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Notat

Dato: 17.04.2018
Arkivsak: 2015/1434-614
Saksbehandlar: johmeye

Til:	Partssamansett utval – PSU
Frå:	Fylkesrådmennene

Utkast til mandat for partssamansett utval (PSU) i samband med etableringa av den nye fylkeskommunen

I reglement for fellesnemnda (27. oktober 2017) pkt 17 går det fram at fellesnemnda skal fastsetje mandat for det partssamansette utvalet. I fellesnemnda sitt møte 18 . desember 2017 vart det vedteke at «Fellesnemnda vil – ved si godkjenning av (omstillings)avtalen – også vedta PSU sitt mandat.»

Fylkesrådmennene vil legge fram følgjande utkast til uttale for det partssamansette utvalet før saka vert å fremje for fellesnemnda i møtet 4. mai 2018.

Utkast til mandat for PSU:

1. Innleiing

Partssamansett utval (PSU) er oppretta av fellesnemnda jf. Inndelingslova § 26 andre ledd for behandling av saker som gjeld tilhøvet mellom den nye fylkeskommunen og dei tilsette.

Utvalet består av representantar for fylkeskommunen og dei tilsette, medan fleirtalet i utvalet er dei politisk oppnemnde representantane.

Hovudavtalen del B § 4 gjev utfyllande reglar om arbeidsområde og samansetting for utvalet og seier mellom anna at partssamansett utval set fram forslag om og behandlar overordna retningsliner for kommunen sin personalpolitikk, mellom anna tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv. Utvalet drøfter dessutan kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og iverksetjing av nasjonalt vedtekne reformer.

Det er ein føresetnad at tilsette og tillitsvalde vert involverte i bygginga av den nye organisasjonen gjennom gode ordningar og prosessar for medverknad. PSU skal behandle saker som gjelder forholdet mellom den nye arbeidsgjevaren og dei tilsette, og har med dette ei særs viktig rolle som organ for medverknad. PSU skal vere ein arena for gjensidig informasjon, diskusjon og konsultasjon mellom fellesnemnda og dei hovudtillitsvalde på vegen mot etableringa av Vestland fylkeskommune. Gjennom samarbeidet i utvalet skal tilsette vere sikra medverknad i saker som gjeld tilhøvet mellom den nye fylkeskommunen og dei tilsette.

2. Formål/mandat og mynde

PSU er innstillingsmynde til fellesnemnda (eller arbeidsutvalet der dette er delegert mynde) i følgjande saker:

- Omstillingsavtale
- Overordna retningsliner for personalpolitikken
- Personalreglement der mynde ikkje er delegert til prosjektleiar
- Overordna strategiar og planar innanfor HMS og IA-området
- Forslag til budsjett og økonomiplan innanfor sitt arbeidsområde

PSU har uttalerett med omsyn til sluttrapporter frå alle prosjekt som er knytt til regionreforma.

PSU behandlar også andre saker som Hovudavtalen føreset behandla her, og andre relevante saker som partane ønskjer å informere om eller drøfte.

3. Samansetning

PSU består av 9 medlemer. 5 er valde blant fellesnemnda sine medlemer og 4 medlemer er valde av hovudsamanslutningane på vegner av dei tilsette.

4. Iverksetjing og endring

Mandatet trer i kraft 4. mai 2018. Mandatet kan verte endra av fellesnemnda.